



Statens vegvesen

NOTAT

Til: **Vegseksjonen MR**
v/ Kai-Andre Sæther Døving
Kopi: **David Grøvdal**

Oppdrag:	Fv. 660 Spelvika mur			Dato:	27.04.2016
Oppdragsgivar:	Vegseksjonen Møre og Romsdal			Sveisnr:	
Planfase:	D/V	Geot. kategori:	1	Oppdragsnr:	40038
Kommune:	Neset	Vegnr:	Fv. 660	Arkivkode:	470
UTM 33 ref:	N6976460, A144900	EUREF89	HP: 5	Km: 13,2	Ant. vedlegg: 1
Utarbeidd av:	Ove Strømme			Sign.:	
Kontrollert av:				Sign.:	

Fv. 660 Spelvika **Dårleg tørrmur på nedsida av vegen**

BAKGRUNN

Etter oppdrag frå Vegseksjonen Møre og Romsdal, er det utført synfaring og vurdering av ein dårleg tørrmur på nedsida av vegen ved Spelvika.

Underteikna gjennomførte synfaring saman med Kai-Andre Sæther Døving og David Grøvdal den 22. april 2016.

OBSERVASJON

Det er setning i ytre køyrefelt over ei strekning på om lag 15 m. Muren er 4 – 5 m høg og har «mage», uregelmessig stein og store holrom på strekninga med setning. Det er også nokre utpressa steinar i toppen av muren, men den skaden har nok komme under nedramming av nye rekkverkstolpar med 1 m avstand.

Det er sannsynleg at skadane vil utvikle seg vidare og muren kan til slutt kollapse.

Terrenget på nedsida av muren har ei helling på om lag 20° (målt med Lica Distomat). Frå 8 - 10 m frå muren, blir terrenghellinga litt brattare.



FORSLAG TIL TILTAK

Under synfaringa vart ein einig om å sikre muren ved å legge ut ei fylling på nedsida for å støtte opp det dårlege partiet. Fyllinga kan avsluttast 1,0 – 1,5 m under toppen av muren. Ein må opparbeide fyllingsfot 6 – 8 m frå muren. Største utfordringa er å få ein maskin ned i terrenget. Det ser ut til å vere best ved austenden av muren. Der er ein loddrett bergskrent

Region midt - Ressursavdelinga – Berg- og geoteknikkseksjonen

rundt 2 m frå vegen. For å opparbeide tilkomst bak denne, må ein grave vekk litt av enden av muren. Det kan også vere eit alternativ å løfte ned ein liten gravemaskin.



Austenden av muren

Det er høg bergskjering på oppsida av vegen, og sannsynlegvis er eit tynt lag med rasmasse over berg i fyllingsområdet. Ein må likevel gjere ei vurdering av grunnforholda når ein får maskin ned i fyllingsfoten og tek til å grave. Dersom ein kjem ned på skrått berg med helling over 1:3, må ein sprengje ut fot. Oppsprengt berg kan i så fall ligge.

For å få tilstrekkeleg stor fronthelling og god drensevne, må fyllmassen vere gradert sprengstein.

MENGDER

Total lengde med fylling vil bli om lag 25 m, men fyllinga vil ikkje bli like høg ut mot endane som på midten. Fyllingsvolumet blir kalkulert til rundt 400 tam3.

REFERANSAR


Statens vegvesen: Handbok N200 Vegbygging

Statens vegvesen: Handbok V220 Geoteknikk i vegbygging

Statens vegvesen: Handbok V221 Grunnforsterkning, fyllinger og skråninger

VEDLEGG

Tverrprofilskisse



Tverrprofilskisse MS 1:100